



Den Norske Kyrkja
Bjerkreim
Postboks 38
4389 Vikeså

Dato 29.08.2013
Arkiv 75/13-008
Saksbeh

Det kongelege kulturdepartementet

Høyringsuttale NOU 2013:1 frå Bjerkreim sokneråd.

Bjerkreim sokn er ein eit-sokns kommune der soknerådet også fungerer som fellesråd.

Bjerkreim sokneråd, Bjerkreim kommune, Rogaland, behandla overnemnde høyring på soknerådsmøtet 28.08.13 under fellestrådssak 41/13. Det vart fatta fylgjande vedtak i saka:

1. *Bjerkreim sokneråd ønskjer at kristendommen sin plass i det norske samfunnet, skal styrkast.*
2. *Bjerkreim sokneråd meiner føremålsparagrafen for skulen som nyleg er vedteken, skal halda fram. Rådet støttar mindretalet sitt framlegg og grunngjeving.*
3. *Bjerkreim sokneråd meiner at kyrkjeval bør vera samstundes med andre offentlege val.*
4. *Bjerkreim sokneråd meiner dagens ordning med at prestar kan formidla dødsbodskap samt ordninga med institusjons- og forsvarspresteteneste, fungerer svært godt og bør vidareførast. Om mogleg bør ein vurdera å utvida ordninga til også å omfatta andre trus- og livssynssamfunn når det er behov for det.*
5. *Bjerkreim sokneråd ønskjer ei vidareføring av ordninga med vigsel i regi av trus- og livssynssamfunn.*
6. *Bjerkreim sokneråd meiner dagens ordning der den norske kyrkja ivaretek det offentlege gravferdsansvaret for alle, fungerer svært godt og bør halda fram.*
7. *Bjerkreim sokneråd ønskjer at kommunen sitt ansvar for finansiering av trus- og livssynssamfunn, vert vidareført.*

Med helsing

Arnfrid Espeland
Arnfrid Espeland

kyrkjeverje